



DEN 16. NORDISKE LÆRERUDDANNELSESKONFERENCE

INNOVATION I UNDERVISNING OG LÆRING

Foredragsholder:	Magli Sofie Økland
Jobtitel:	Førstelektor
Kvalifikationer	Førstelektor
Organisation:	Høgskulen på Vestlandet, FLKI, IPRS
Titel på Præsentationen:	Frå program til lokale praksisar - iverksetjingsarbeid i barnehagar
Type af præsentation:	Mundtlig præsentation
Sprog:	Skandinavisk
Tema:	1. Uddannelse, evaluering og feedback
Abstrakt:	<p>I 2018 gjekk vår utdanningsinstitusjon inn i eit fagleg partnerskap med kommunar, skular og barnehagar i Hallingdalsregionen. Initiativet som vi har vore involvert i, kom frå det regionale oppvekstleiarforumet som 2 har overordna ansvar for kompetanseutvikling og leiarstøtte i regionen. Det felles innsatsområdet for kommunane, barnehagane og skulane skulle vere «Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø». I prosjektet har vi sett nærare på korleis barnehagar har iverksett eitt av Utdanningsdirektoratet (UDIR) sine kompetanseprogram. Fokusgruppeintervjua med barnehageeigarar og barnehagetilsette viser at barnehagane har tilpassa innhaldet i programmet til sine lokale praksisar, ved å moderere ideane og slik avgrense det samla programmet. I denne tilpassinga har barnehagestyraren ei sentral rolle. Best iverksetjingspraksis vert oppnådd når barnehagane arbeider i faglege nettverk og i kollektive læringsprosessar. Ved sidan av mangelen på tid til iverksetjinga, er det krevjande å forankre ideane i programmet hos alle gruppene av tilsette. Sentrale reiskap for iverksetjing, t.d. rettleiing, er det vanskeleg å finne rom for i barnehagekvardagen. Funna stadfestar i stor grad tidlegare studiar om iverksetjing av program og reformer i barnehagesektoren.</p>